

Detaljert program Norsk Fukt- og Laksefest 2019

Fredag 6.september	
15.00-19.00 - Spinneriet	Kunst- og Handverksmesse i Spinneriet Kunst- og håndverks utstillinga held som vanleg til på Spinneriet. Det staslige, restaurerte Spinneribygget frå 1873 er heim for rundt 30 utstillarar med ulike formar for kunstuttrykk. Gratis inngong fredag.
19.00-21.00 - Spa Hotellet	Sushibuffét med gjestekokk Thomas Thorstensen Superkokk Thomas Thorstensen tryllar fram dei lekraste sushirettane på Spa Hotellet denne kvelden. Gå bananas i ein herleg sushibuffét bestående av blant anna ulike typer makruller, nigiri, tempura og frityrstekte kylling/scampi og grønnsaker. Bordbestilling på tel. 48050600, eller e-mail post@hjemmelandspa.no
19.00 - Hjelmeland Samfunnshus	Politisk debatt For første gong vert det politisk debatt under Norsk Fukt- og Laksefest. Me kommunevalet berre nokre dagar seinare vert dette ein av dei siste sjansane for dei lokale partia å sanke stemmer. Landbruks- og matminister Olaug V.Bollestad åpner ballet. Det vert og mulighet for publikum å stille spørsmål. I pausen vert det noko å bite i.
Lørdag 7.september	
10.00-16.00	Konferansiérar for dagen: Roger Sjursen Roger Sjursen skulle være kjent for dei fleste på Hjelmeland. Han er eit kjent og kjær ansikt i kulturmiljøet i kommunen. Roger loser oss trygt gjennom dagen.
10.00-16.00 Spinneriet	Kunst- og Handverksmesse i Spinneriet Kunst- og håndverks utstillinga held som vanleg til på Spinneriet. Det staslige, restaurerte Spinneribygget frå 1873 er heim for rundt 30 utstillarar med ulike formar for kunstuttrykk
10.00-16.00	Utstillingar og boder i Vågen Du finn ca 50 utstillarar utandørs i Vågen. Mykje god mat og underhaldning i det store festivalteltet og ellers rundt på området. Me kan garantera noko for einkvar smak.
10.00-16.00 - Vågen	Mesterkokkelauguet i matteltet Mesterkokkelauguet Rogaland er atter ein gong på plass i det store mat-teltet på kaien for å smørje ganane våre med alskens godsaker. Med hovedvekt på havets skattekammer, får ein blant anna servert ei fantastisk fiskesuppe, sushi, drikke og gode dessertar. Gå heller ikkje glipp av ei framifrå grillavdeling!
10.00-16.00 - Vågen	Aktivitetar for born og unge i alle aldre ombord på MS Lyngøy Ketil Barkved og John Ur frå Randøy eig den 48 fot store, tidligare rekestrålar. Båten vart bygd i Flekkefjord i 1958. Båten vert blant anna nytta til charterturer i Ryfylke. MS Lyngøy ligg til kai under festivalen. Her får ein blant anna lære å fortøye ein båt av denne storleiken, det er knivsliper ombord. så ta med knivar som treng ein ny kvass egg (betalt teneste). Gratistur til Skomakernibbå kl.13.00 vert trekt på lodd før kl.12.30. Det vil gjerne og dukke opp diverse konkurransar og verta mulighet for å lære seg eit triks og to på knutefronten. Alle er velkomne ombord for ein kikk og ein drøs om trebåtar.
10.00-16.00 - Vågen	Aktivitetar for born og unge ved Hjelmeland Speidarane Speidargruppa i Hjelmeland riggar seg til med aktivitetar på området.
10.00-16.00 - Vågen	Aktivitetar for born med Hjelmeland Turlag Tradisjonen tru er turlaget på plass med bålpanne og pinnebrød og aktivitetar for borna. Du finn dei på hjørna av kommunehuset mot kaia.
10.00-16.00 - Vågen	Aktivitetar ved event- og aktivitets arrangør «Usentralen» «Pusle med puls» har Tonje Flatø Nessa kalla denne aktiviteten/konkurransen. Det er ei løype med ein snubleplanke og eit puslespel i enden. To personar får identiske puslebetar i kvar sin farge. Her gjeld det å få flest puslebetar på plass. Husk at du har på deg bind for auga, og at det ligg ein snubleplanke i bana. Idéen er henta frå kjendis 71grader nord, men med nokre forandringar. Morosamt å prøve, morosamt for publikum å sjå.
10.00-16.00 - Vågen	Forskningsverkstad med Vitskapsartist Heidi Ektvedt Bli med Vitskapsartist Heidi Ektvedt og utforsk vidunderlige væsker med forskjellige massetetthet og fargar. Passer for born mellom 4-104. Du finn Heidi og verkstaden hennar i telt ved kaia. Gratis.
11.00-15.00 Stand ved brua	Ansiktsmaling for born Ta turen til Hjelmeland Sparebank sin stand dersom du har lyst på ein flott ansiktsmaling. Du finn dei på standen oppe ved brua. Gratis.
11.00, 12.00, 13.00, 14.00 og 15.00 - Vågen	Kokkekurs for born & unge ved Mowi I telt på kaia inviterer Mowi til kurs for framtidens frukt- og lakseelskarar! Borna vert tatt inn i Sushi verdenen, med rulling av maki med laks og gode grønnsaker. Til slutt vert det ein sprek dessert med frukt. Gratis.
11.00-16.00 - Spa hotellet	Helikpoterturar med Pegasus Helicopter Helikopterselskapet Pegasus tilbyr turar over Hjelmeland. Dei flyr frå plenen ved Spa hotellet, og helikopteret har plass til 5 passasjerer pr. tur. Turane varer i ca. 8 minuttar og koster 500,- pr. person. Obs, værforbehold!
11.00 - Scenen, teltet	Offisiell åpning ved Rådmann Victor Juul Rådmann i Hjelmeland Kommune, Victor Juul står for den offisielle åpninga av årets festival.

11.15 - Scenen, teltet	Innslag ved Hjelmeland kulturskule Elevar ved Hjelmeland kulturskule opptrer med dans og musikk.
12.00-15.00 - Vågen	Hjelmeland Storband - «New Orleans style» Ei utbrytargruppe i frå Hjelmeland storband dukkar plutselig opp rundt om i Vågen og skapar liv og stemning med glade New Orelans tonar.
12.00 - Scenen, teltet	Vitensshow med «Professor Bestemor» Vitensshowet til Professor Bestemor (Heidi Ektvedt) er eit humoristisk og interaktivt show om molekylar og om korleis ting oppfører seg i ulike temperaturar. Musikk, flammor og flytende nitrogen er med på moroa! Vitensshowet passer for dei mellom 4 og 104.
13.00 - Scenen, teltet	«Ville Vesten» - Show for born ved Dag Sindre Vagle og Johan Egdetveit Songar og historiar rundt leirbålet. Dag og Johan skal fortelja om kabbolar og indianarar. Då dei var små og gjekk i barnehagen, leikte dei kabbolar og indianar, det er me ikkje heilt sikre på om ungane heilt veit kva er lengre. Men det vert tøffe kabbolarangar, og dei skal spela kjempefort på trekkspel og gitar. Og kanskje kjem det ein indianarsong. Hvis nokon vil kle seg ut som kabbolar og indianar når dei kjem, er det heilt greit. Bli med på ville vesten-eventyr med sang og historier som passer for liten og stor.
14.00 - Scenen, teltet	Minikonsert med «Synne Helland» 19 år gamle Synne Helland frå Tau har holdt på med musikk siden 9-års alderen og har gjennom si stemme og tilstedeværelse på scenen fanga oppmerksomheten til svært mange. Spesielt deltakinga i The Voice i 2017 og 2019 har gjort Synne til allemannseige, og gitt ho muligheten til ei rekke oppdrag rundt om i landet. Synne har og blant anna vama opp for etablerte artistar som Sigvard Dagsland og Vidar Johnsen. Synne er no i full gong med produksjon av eget låtmateriell, og ein finn allereie 3 egenkomponerte låtar på spotify. Synne er no i studio for å få festa endå ein ny låt på tape. Me gler oss til å sjå og høyre dette store sangtalentet.
14.30 - Frå brua ved Spinneriet	Andaslepp frå brua Lions Club Hjelmeland gjentar suksessen frå tidlegare år, og utlovar ein førstepremie på kr.10.000,- til dei som har kjøpt lodd på anda som kjem først i mål. Lodder kan kjøpast på standen til Lions frå kl.10.00. Det vert også premie for 2. og 3.plass
15.00 - Scenen, teltet	Kåring av Hjelmelands raskaste and Vinnar av Hjelmelands raskaste and vert utropt i frå scenen
15.15 - Scenen, teltet	Kåring av årets stand Ein uhilda jury skal kåra årets stand i kategoriene «kunst- og handverk», «smak/mat» og «andre»
15.30 - Scenen, teltet	Avslutningsshow med illusjonist Alexx Alexander Til å avslutte årets dagtid program har me henta inn ein av verdas aller beste illusjonistar, Alexx Alexander. Han er blant anna vinnar av magiens Oscar-pris, The Merlin Award. Alexx feirer i år 20 års jubileum som profesjonell artist. Han starta si karriere allereie som 5-åring. Ta med familien og opplev magi i verdensklasse på nært hald. Det vert mulighet for signering og bildetaking saman med Alexx etter showet.
Lørd 7.september - kveld	
20.00 - Teltet, Hjelmelandsvågen	Dørene åpner for Bryggefest i Vågen (Billetter på tikkio.com el Vipps) Obs! 55,- kr dyrare billetter i døra.
21.00 - Teltet, Hjelmelandsvågen	Konsert med Admiral P Folkefavoritten «Admiral P» treng gjerne ikkje den store presentasjonen etter kvart. Philip Tom Joseph Boardman som han egentlig heiter, har etter kvart vorte allemannseige, og ein artist som har nådd ut til det ganske land med sin reggae- og afrosmekande musikk. Etter deltagelsen i «Hver gang vi møtes» har Norge virkelig fått augene opp for den sympatiske admiralen. Ein konsert med halvt Zambiske Admiral P er eit fyrverkeri av dei sjeldne, og når me får servert hitar som perler på ei snor vert stemninga satt. Mannen sprer sunshine «all ovah da place». Me gler oss til å dansa og feste etter låtar som “Spinnvill”, “Snakke Litt”, “Kallenavn” og “Engel”. Med over 60 millionar Spotify spins har han for lengst etablert seg som en av Norges aller største solo-artistar.
22.45 - Teltet, Hjelmelandsvågen	Dans med Bungalow Bill Band Kvelden vert avslutta med partybandet Bungalow Bill band frå Sandnes/Stavanger. Bandet består av Kent Ove Olsen (Vokal), Håkon Brunes (Gitar), Fleming Rostrup (Trommer) og James Levett (Bass). Desse karane leverer kjente og kjære coverlåtar som garantert som setter fyr på dansegulvet. Her kjem hit’ane som perler på ei snor, og me forventer ei svett avslutning på kvelden.
Sundag 8.september	
11.00 - Hjelmeland kyrkje	Jazzgudsteneste i Hjelmeland kyrkje Ingen festival utan ei feiande flott jazzgudsteneste i Hjelmeland kyrkje. Medvekande; Sokneprest Sigrunn Hagen Arnesen, trusopplærar Ine Linn Marthinsen og Hjelmeland Storband.

13.00 - Båt i frå Grønvik	«Helgøy open» Folket på Helgøy inviterer til åpen øy! Båt i frå Grønvik kl 13.00, med retur kl 17.00. Båtbillettar kan betalast med vipps, kontant el kort. Det kostar nok 92,- t/r (Barn og honnør halv pris) Alle får utdelt kart og program på båten. Dei som vil komma med båt sjølv kan sjølv sagt gjera det. Ta med nistekorg sjølv, og om nokon vil grille har me varme grillar på stadion frå kl 13.30. Åpning v/høvdingen kl 14.00. Kl 15.00 går startskuddet for dei meir eller mindre offisielle Helgøyleikane. Det blir garantert svette og tårer når ulike øyer og bygder skal kjempa om heder, ære og fine premiar. Kl 15.45 er det fruktsafari der gamle og nye fruktbonder viser og fortel om kapp. Gode mulighetar for at det også blir servert ei skrøne og to på turen. Safarien sluttar på kaien der båten går tilbake Grønvik kl 17.00. ----- Heile dagen er den lokale fruktbusen åpen, og det vil og vera mulighet for å kjøpa is, cola, lappar og kaffi her. Varene kan bli kjøpte ned til kaien for dei som ønsker det. Det er oppmerka tursti rundt øya, leikeplass og fotballbane for dei som ønsker å benytta seg av dette. Alle må kle seg etter vêret, ha med mat og drikke og evt noko å sitja på. Passar for alle frå 0-110 år. Hjertelig velkomne!
---------------------------	--